VOLDA UTVIKLING

GENERALFORSAMLINGSPROTOKOLL

Tema	**Ekstraordinær generalforsamling Volda Utvikling AS**
Dato	**20.10.2026 kl 1100 – 1310**
Stad	Festsalen, Volda Samfunnshus
Tilstades	Følgande medlemmer av formannskapet i Volda kommune som eigar av Volda Utvikling AS: Sølvi Dimmen (ordførar) Sverre Leivdal (varaordførar) Sindre Rotevatn Bjørnar Fylling Jørund Knardal Ola Perry Saure Margrete Trovåg Heidi Berg-Rusten Grevstad Kari Hasle Fråfall: Ingen

I tillegg møtte:

Styreleiar Thomas Lundberg
Styremedlem Ivar Kvangardsnes
Styremedlem Pergunn Rødseth Gjerdsbakk
Styremedlem Anders Digernes

100% av aksjane i selskapet var representert og generalforsamlinga var vedtaksfør.

Til handsaming var følgande saker:

Sak

1 Godkjenning av innkalling og fullmakter

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Thomas Lundberg.

Sindre Rotevatn hadde i mail datert 13.10.2026 adressert eit spørsmål om generalforsamlingsmøtet er eit møte etter aksjelova eller kommunelova. Rotevatn påpeikte at sak 5 og 6 har - eller kan ha - direkte konsekvens inn i kommunale prioriteringar og løyvingar og dermed er nær kommunal sakshandsaming som etter sin natur skal handsamast etter kommunelova.

Kommunedirektøren orienterte generalforsamlinga om at han hadde konferert med statsforvaltaren i Møre og Romsdal og presenterte eit notat som oppsummerte saka. Statsforvaltaren sin konklusjon var at generalforsamlinga i Volda Utvikling AS føl aksjelova sine reglar.

Ordførar reiste spørsmål om habiliteten til Margrete Trovåg sidan ho er i ein relasjon til ein av journalistane i Møre-Nytt som har skreve mykje om selskapet siste vekene. Saka vart diskutert og generalforsamlinga oppfatta dette som uproblematisk.

Vedtak Innkallinga vart godkjent.

Notat frå kommunedirektør vart tatt til vitande og generalforsamlinga slutta seg til konklusjon frå statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Stemmetal: Ja – 9, Nei – 0.

2 Val av møteleiar og ein person til å medunderteikne protokollen

Vedtak Thomas Lundberg vart valt til å leie møtet. Bjørnar Fylling vart valt til å medunderteikne protokollen saman med møteleiar.

Stemmetal: Ja – 9, Nei – 0.

3 Val av protokollførar

Vedtak Styremedlem Ivar Kvangardsnes vart valt til protokollførar.

Stemmetal: Ja – 9, Nei – 0.

4 Gjennomgang historiske forhold knytt til lovleg drift

Styreleiar gjekk gjennom ein generell presentasjon av status.

Sak

Dei siste vekene har det i lokalpressa vorte framsett kritikk knytt til valt organisering av Volda Utvikling AS i tillegg til kritikk knytt til påstått innblanding frå ordførar når Kontrollutvalet behandla Volda Utvikling AS i sak sak 9/2022. Ordførar har imøtegått kritikken, som i hovudsak er same kritikken som framkom i 2022.

Tilbake i 2022 vart det gjort ein omfattande gjennomgang av saka inkludert ein ekstern juridiske gjennomgang av lovlegheita knytt til valgt struktur og inngåtte avtaler. Sidan deler av generalforsamlinga ikkje sat i formannsskapet tilbake i 2022 er underlaget til denne saka vedlagt denne innkallinga. Desse dokumenta vart også sendt ut til kommunestyret i juni 2022.

I generalforsamlinga 25.05.2022 vart det fatta følgande einstemmige vedtak:

> *«Generalforsamlinga tek vedtaket frå Kontrollutvalet i sak 9/22 til etterretning. Konklusjonane frå Lin Advokater AS, Volda kommune sin juridiske rådgjevar i saka, er imidlertid klare på at det ikkje er gjort noko som er i strid med verken aksjelova eller reglane for offentlege anskaffelsar. Lin Advokater AS konkluderer vidare med at valt strategi med arbeidande styre er både vanleg, lovleg og forsvarleg. Generalforsamlinga gir si tilslutning til desse vurderingane.*
>
> *Generalforsamlinga står fast på valt forretningsmodell har vore den beste og mest kostnadseffektive løysinga for selskapet i ei innleiande fase og vidare at inngåtte avtaler er både lovlege og forsvarlege. Generalforsamlinga vil i ekstraordinær generalforsamling 25. mai rette opp dei formalia som Kontrollutvalet i sitt vedtak peikar på i nemnde sak.*
>
> *Generalforsamlinga er svært godt nøgd med arbeidet styret har lagt ned så langt og styret har generalforsamlinga sin fulle tillit.»*

I tillegg til tidlegare utsendt underlag til kommunestyret i juni 2022 legg vi for ordens skuld også ved brev frå Lin Advokater AS datert frå 26.03.2026 lagt fram i ordinær generalforsamling 14.04.2026 der det vert gjort ei ny vurdering av avtaler med styremedlemmane Thomas Lundberg og Ivar Kvangardsnes. Gjennomgangen stadfester igjen vedtaket frå generalforsamling mai 2020 knytt til innhaldet i forhold til anskaffelsesloverket.

Vedtak Generalforsamlinga tok orienteringa til vitande.

Lin Advokater AS er Volda kommune sin juridiske rådgjevar i saka og er klare på at det ikkje er gjort noko som er i strid med verken aksjelova eller reglane for offentlege anskaffelsar. Lin Advokater AS konkluderer vidare med at valt strategi med arbeidande styre er både vanleg, lovleg og forsvarleg. Generalforsamlinga står fast ved si tilslutning til desse vurderingane.

Generalforsamlinga står fast på at valt forretningsmodell har vore den beste og mest kostnadseffektive løysinga for selskapet i ei innleiande fase og vidare at inngåtte avtaler er både lovlege og forsvarlege.

Generalforsamlinga står bak ordførar i det offentlege ordskiftet rundt selskapet knytt til dei vurderingane generalforsamlinga har gjort.

Generalforsamlinga er nøgde med arbeidet styret har lagt ned så langt og styret har generalforsamlinga sin tillit.

Stemmetal: Ja – 9, Nei – 0.

5 Vidare prosess Aasenkvartalet

1. Endra rammebetingelsar har skapt utfordringar

VUAS har lukkast med å inngå ein avtale med ein investor som skal stå for finansiering og utbygging av Aasenkvartalet på nærare gitte vilkår. Det har over fleire år vore arbeidd målretta med å sikre solide leigetakarar til prosjektet, og interessa var lenge god. Dei siste månadene har situasjonen midlertidig endra seg vesentleg og det er særleg to forhold som må nemnast:

- Både Høgskulen i Volda og Norsk Innovasjonssenter AS har heilt frå starten vore dei sentrale potensielle leigetakarane i prosjektet. Begge har dei siste månadane trekt seg frå prosjektet av ulike grunnar. Dette til trass for at Høgskulen i Volda via Statsbygg har hatt eit konkret anbod ute på om lag 1.800 m2 kontor- og undervisningsareal
- Det økonomiske bidraget frå Volda kommune som kommunestyret la inn i forrige budsjettplan er no foreslått trukke tilbake basert på kommunen sin krevande økonomiske situasjon

Når begge desse to sentrale forholda inntreff samtidig ser ikkje styret i Volda Utvikling AS at prosjektet er realiserbart på kort sikt. Det mest forsvarlege vedtaket vil difor vere at prosjektet må vurderast i ny kontekst inntil rammebetingelsane er betra slik prosjektet kan vere gjennomførbart. Dette samsvarer med vedtak i forrige kommunestyremøte.

2. Kostnadsreduksjon

I og med at realisering av Aasenkvartalet vert foreslått vurdert på nytt, er det naturleg å ta ned kostnadane i selskapet tilsvarande. Der er i hovudsak to postar ein kan redusere:

- Styre og styremedlemmar
  I dag har styreleiar eit honorar på kr 75.000 årleg og styremedlemmane tilsvarande kr 50.000 årleg. Samla styrehonorar utgjer kr 225.000 årleg. Generalforsamlinga kan vurdere å endre styresamansetning og/eller antal styremedlemmar for å redusere kostnadane. Som ein konsekvens av framsett ekstern kritikk set styret i Volda Utvikling AS sine plassar til disposisjon. Dette vert opp til valkomiteen og generalforsamlinga og konkludere rundt.

- Arbeidande styremedlemmar
  Avtalane med Thomas Lundberg og Ivar Kvangardsnes kan seiast opp med umiddelbar verknad om ein ønsker det, men dersom valkomiteen/generalforsamlinga ønsker å behalde dei to i styret er det naturleg å revidere avtalane. Sjølv om prosjektet vert vurdert på nytt verken vil eller bør absolutt alt stoppe opp. Styret foreslår difor at avtalane med arbeidande styremedlemmar ikkje vert sagt opp men at årleg ramme for

bruk av eksterne styremedlemmer vert redusert til maksimalt samla kr 240.000 (kr 20.000/mnd). Eventuelle avvik vert å godkjenne av generalforsamlinga.

Vedtak Generalforsamlinga orienteringa til vitande og vedtok følgande:

I. Vidare arbeid med Aasenkvartalet
Vidare prosess med realisering av Aasenkvartalet vert vurdert på nytt basert på endra rammevilkår.

II. Arbeidande styremedlemmar
Avtalane med styremedlemmane Thomas Lundberg og Ivar Kvangardsnes vert å vidareføre med ei årleg ramme på maksimalt samla kr 240.000 (kr 20.000/mnd). Eventuelle avvik skal godkjennast av generalforsamlinga.

III. Styre og styremedlemmar
Generalforsamlinga har tillit til styret og ber styret fortsette.

Stemmetal: Ja – 9, Nei – 0.

6 Forlenging av samarbeidsavtale med Sisa Invest AS

Sisa Invest AS fekk i ekstraordinær generalforsamling 09.12.2025 forlenga samarbeidsavtalen med Volda Utvikling AS frå 30.08.2025 til 31.12.2026.

Sisa Invest AS ønsker å jobbe vidare med realisering av Aasenkvartalet, men som ein konsekvens av foreslått vedtak i sak 4 der vi pausar prosjektet vil vi då måtte forlenge avtalen vi har med Sisa Invest AS med i første omgang 1 år.

Vedtak Generalforsamlinga vedtok å forlenge avtalen med Sisa Invest AS. Fristen regulert i Samarbeidsavtalen punkt 4.3 og punkt 4.6 vert forlenga til 31.12.2027

Stemmetal: Ja – 9, Nei – 0.

Volda, 20.10.2026

Thomas Lundberg **Bjørnar Fylling**